




Vg1 Frisør, Blomster, Interiør og Eksponeringsdesign Profileringsdesign

For deg som:

Vil arbeide yrkesretta mot

- FRISØR
- INTERIØR
- PROFILERING
- EKSPONERING
- BLOMSTER
- DEKORATØR
- STYLIST
- MASKØR og
PARYKKMAKER





Noko av det du lærer på

FBIE:

Om stilhistorie og trendar

Arbeide i ein designprosess
frå ide til ferdig produkt

Arbeide med yrkesrelevante
oppgåver

- Bruke materialar, teknikkar og verktøy som er knytt til arbeidsområda frisør, blomster, interiør, profilering, utstilling, eksponering, maske- og parykk
- Bruke ulike digitale verktøy. Mellom anna Adobe illustrator, Photoshop, Indesign, laserkuttar og folieskjærar
- Om kommunikasjon og kundebehandling
- Utvikle skaparevna og lære om korleis produkt skal framstillast



Kva kan du bli?

- Frisør
- Interiørkonsulent
- Profileringsdesigner
- Utstillingsdesigner/
Eksponeringsdesigner
- Blomsterdekoratør
- Maskør- og parykkmaker

Tilbod på Eid vgs etter FBIE:

- Vg2 Interiør og eksponeringsdesign
- Vg2 Frisør

Etter fagbrev eller vg2 kan du gå eit år påbygg for å få generell studiekompetanse





Sjå fleire av våre prosjekt på instagram: [@fbie_eid_vgs](#)



Ein **profileringsdesigner**

skaper dekor og profilering for bedrifter.


Her får Cats cafe og restaurant ny logo på alle vindauge.

Designa av Serife, som her monterar ferdig. folieprint på

Vg2 Interiør og eksponeringsdesign

For deg som:

- Er glad i å skape og designe
- Vil arbeide praktisk
- Likar å teikne for hand og på data
- Likar å byggje modellar og lage prototyper





Likar å jobbe med trendar og stil

Vil arbeide med maskiner og utvikle nye idear

Likar varierte arbeidsoppgåver

Noko av det du lærer:

- bruke dataprogram som er aktuelle for bransjen - td Archicad og Illustrator.
- designe ny profil for bedrifter - td. logo design
- planlegge eit interiør
- bruke folieskjærer og laserkutter
- foliere på ulike gjenstandar td. bil og vindu.
- skape spennande vindaugsutstillingar
- skape di eiga bedrift



Kva kan du bli?



- Interiørkonsulent
- Profileringsdesigner
- Utstillingsdesigner/Eksponeringsdesigner

Interiørkonsulent:

Går du vidare på Interiør vg3 etter dette året, så får du yrkeskompetanse og tittelen interiørkonsulent. Då kan du arbeide med planlegging av kjøkken, bad og interiørløysingar. Du kan arbeide som konsulent for ulike bedrifter. Du kan òg gå vidare på skule og utdanne deg til td. **interiørarkitekt og boligstylist.**

Profileringsdesigner:

Etter vg2 går du 2 år i lære i ei profileringsbedrift. Som profileringsdesigner får du jobbe med foliering av vindauge, design av logo og profileringsmateriell. Ein arbeider mykje praktisk med foliering på bil og montering av skilt. Digitale verkty blir nytta i arbeidet. Her er jobb moglegheitane mange.

Utstillingsdesigner/ Eksponeringsdesigner:

Går du vg3 Eksponeringsdesign får du tittelen eksponeringsdesigner. Då kan du arbeide med utstillingar og reklamemateriell for butikkar, bedrifter, messer og eventer.

Du kan òg gå påbygg vg3 og få generell studiekompetanse.



Vg2 Frisør




For deg som:

- Vil arbeide kreativt med hår, skjegg og styling
- Er oppteken av motar og trendar
- Likar å arbeide med eit fag som er i stadig utvikling
- Likar å arbeide med folk



Noko av det du lærer på frisør:

- Tradisjonelle og nye teknikkar i frisørfaget
- Produksjon av frisørarbeid i bedrift
- Kundebehandling



Moglegheiter etter vg2 frisør:

- 2 år lære i bedrift som fører til sveinebrev i frisør
- Eit år påbygg for å få generell studiekompetanse




Etter frisørutdanning kan du:

- Drive eiga verksemd
- Arbeide internasjonalt
- Vidare kursing innan mellom anna sminke, hudpleie, negldesign og maskør- og parykkmakar
- Drive med konkuransefrisering







Sjå meir av vårt arbeid på instagram: [@frisor_eid_vgs](https://www.instagram.com/frisor_eid_vgs)





På Salongen til Vg2 FRISØR





Interiør - Profileringsdesign- Eksponeringsdesign

Sjå fleire av våre prosjekt på instagram @ieda_eid_vgs

Om skulen vår

- Kvar veke er det open skule med aktivitetar og gratis middag
- gratis graut kvar morgon
- Valfaga teaterfag og breiddeidrett
- Tilgong til treningsrom
- Stor flott kantine
- Kantina tek omsyn til allergiar m.m.



Som elev ved Eid vidaregåande skule får du vere med å jobbe tett opp mot aktivitetar/arrangement i Operahuset

Du får samarbeide med elevar frå andre klassar og faglærarar med ulik kompetanse.

Du kan arbeide med alt frå lys, kostyme, kulisser, rekvisitter, teater eller du kan vere med på å skape det som skal framførast.

Gjennom samarbeid med Opera Nordfjord får ein moglegheit til å ta del i arbeidet med ei operaoppsetjing og arbeide saman med profesjonelle fagfolk innan kulturfeltet.





Bollar i kantina kvar fredag




Breiddeidrett

Eid som studiestad

- Festivalbygd - Malakoff
- Konsertar og arrangement i Gymmen Scene og Studio
- Trenings- og buldresenter
- Kort veg til ski og surfemoglegheiter
- Mykje butikkar og trivelige Eidsgata
- Flott natur





PROSJEKT
Samarbeid med Motedesigner
Julia K.Venø





REDESIGN-
PROSJEKT

Gjennbruk
BÆREKRAFT





Vestland
fylkeskommune

**Ta gjerne kontakt om du
lurer på noko!**



<https://www.eid.vgs.no>



E-post:

kreativefageidvgs@vlfk.no

